



Endeleg er det noko godt nytt å melda om den etterlengta busslomma på Ljosnes, opplyser pådrivar Erlend Moen.

Han har purra fleire gongar på dette prosjektet og no kjem eit positivt svar frå Ivar Kåre Døsland i kommunen

Han opplysar at Norconsult har fått oppdraget med å prosjektera og innhenta tilbod på arbeidet med busslomma.

Går alt etter planen vonar kommunen at storparten med tilretteleggjing av lomma er ferdig til nyttår.

Men arbeidet med støyping av føringskant og asfaltering må utstå til våren, legg Døsland til.

Biletet er teke under ei synfaring med partane i saka.

(Foto: Ola Matti Mathisen)